

Til Radøy kommune  
v/Lisbeth Toppe Alvær

Frå Manger IL  
v/Atle Vaage

Manger 23.06.2018

## Vedrørende trasè turløypa trinn III

Styret i Manger IL har som avtalt i førre møte med Radøy kommune, hatt synfaring i høve trasè for søndre del av turløypa (trinn III). Laget ser i utgangspunktet tre ulike framlegg for slutføring av prosjektet.

### Alternativ 1 – nytta opprinneleg trasè:

Idrettslaget ønskjer primært at vi fullfører løypa i opprinneleg framlegg til trasè. Dette vil gje mest mogleg løype på grus, og med natur på begge sider. Vidare mest mogleg preg av rundløype der ein berre unntaksvis nyttar same trasè i begge retningar. Med bru over gangveg frå Radøyhallen til Nesvatnet, slepp ein og unna dei brattaste stigningane. Brua og utsiktspunkt like sør for denne, vil og utgjera eit av dei flottaste punkta på løypa.

Det er vidare sterkt ønskeleg at løypa skal gå forbi inngangen til Grønålen, og at inngangen får bom mot biltrafikk. Slik vi forstår ønskjer kommunen å utvida med eit par P-plassar der bosscontainer for skulen står i dag. Grusløypa kan i såfall gå mellom desse plassane og bua i Grønålen. Bosscontainer meiner vi uansett må få ei anna plassering, td på øvre P-plass.

Manger IL kan vera villeg til å drøfta dekking av kostnaden med brua, dersom dette er avgjerande for gjennomføringa av trinn III.

### Alternativ 2 – samankopling ved eksisterande bru:


Trasè som over forbi bua i Grønålen, deretter trekt noko nærare Radøyhallen si bakside, før ein kjem inn att på det ferdige strekket på oppsida av dagens bru. Alternativet vil spare kostnad med bru+nokre få meter grusløype. Men det vil samstundes ta vekk eit av dei finaste punkta, og vi vil få ei svært bratt stigning frå området ved Nesvatnet opp att til Radøyhallen og utsiktspunkt.

### Alternativ 3 – som alt. 2 men med grusløypa langs veg sør for Radøyhallen:

Anlegga grusløype i ytterkant av asfaltert veg på sørsida av Radøyhallen og ungdomsskulen, før inn att på eksisterande asfalt gangveg mot Prestmarka byggjefelt. Vil spare ytterlegare nokre meter løype+redusera lengda på den bratte stigninga opp frå Nesvatnet.

Idrettslaget ønskjer å streka under at vi ikkje ønskjer at løypa kryssar veg ved øvre P-plass og nyttar baksida av ungdomsskulen. Det er lite ønskeleg med kryssing av veg, og at turløypa går på sjølv parkeringsplassen. For stor del av løypa vil bli liggande på asfalt. Vi vil delvis og gje frå oss det samanhengande visuelle uttrykket for løypa. Vi trur og at nærleiken til bygningen kan føra til at enkelte vegrar seg for å gå der på dagtid. Sist fryktar vi og at ei slik plassering vil senka terskelen for mopedkjøring i løypa.

Mvh for Manger IL



Atle Vaage

Vedlegg kartskisse med innteikna alternativ